

DI GÅVE ER EI GÅVE!



EI GÅVE HAR BLITT GITT FRÅ DEG TIL EIN UNGDOM PÅ SRI LANKA!

**EIN HELDIG UNGDOM HAR FÅTT EI VEKE MED SKULEGANG PÅ
KAMAM FOLK HIGH SCHOOL PÅ SRI LANKA!**

Kamam Folk High School ligg på austkysten av Sri Lanka. Området er fattig og folk er prega av mange år med krig. Befolkninga i området er mest tamilar og muslimar, men skulen har elevar frå heile landet.

Skulegang på Sri Lanka er både vanskeleg og viktig. Med di gåve er du med og gir ungdom utdanning i krevjande tid der den oppvaksande generasjonen skal vere med og sikre freden og bygge demokratiet.

Kamam Folk High School blei opna i 2014 og har sidan eksistert som den einaste folkehøgskulen i sør-aust Asia. Skulen er eigd og drifta av Sri Lanka YMCA (KFUM) og er eit viktig arbeid i den pågåande freds- og forsoningsprosessen på Sri Lanka.

Kvart semester er det omlag 30 elevar på skulen som kjem frå alle kantar av landet og tilhøyrrer ulike etniske folkegrupper og ulike religionar. Fleire av elevane har også opplevd krig og konflik på nært hald og får hjelp til å bearbeide stress og traumer på skulen.

Via organisasjonen KFUK-KFUM-Global blir gåvene til skulen vidaresendt frå Sunnfjord Folkehøgskule til Kamam Folk High School.

TAKK FOR DI GÅVE!

